

Det me saadde

Av Idar Handagard

Det me saadde det skal gro,
det skal bløma, det skal vera
frukt i betre log og læra
fyr kvart land kvar livkjær ljod.
Og den ætt som veiknar no
friskna skal i hug og blod.

Me hev sett eit samlivs-krav:
Liv so ingen mann fer ill!
Liv so inkje gjeng til spill
av den næring jordi gav!
Samlivs lukka kjem derav,
folkenaudi sig i grav.

Det er læra som me fann:
uheil drykk gjev vonde tankar,
illt til illt seg saman sankar,
fær til sidst ei verd i brand.
Det som skader einskildmann
mergstel og det heile land.



Børfjord på Sørøya, vinteren 1988. Foto: Knut Skoglund.

Målmannen 5 år

Då bladet Målmannen tok til å koma ut i 2002, var det dei færreste som spådde bladet noko langt liv. Nokre linor på framsida tykkjer me difor me kann nytta til å feira oss sjølve. Planane for Målmannen hev tidvis vore uklære, men slik det hev sett ut dei tvo siste åri, hev me greidt å få ut fire nummer. I år vonar me på å få ut fem nummer. Sendeplanen vert då slik at bladet kjem ut i midten av februar, april, juni, september og desember. Me takkar alle som hev studt oss i den fyrste oppbyggjingsstidi og vonar de vil fylgja med oss vidare.

I dette nummeret:

| | | |
|-------------------------|--|-------|
| Thoralf Bergwitz: | Gasskraftdilemmaet | s. 2 |
| Olav Torheim: | Det handlar framleis um høgnorsk | s. 3 |
| Jan Hårstad: | Fragment | s. 4 |
| Asbjørn Hunnes: | Sanninga, Arne Garborg og me i vår tid | s. 6 |
| Lars Bjarne Marøy: | Islamsk imperialisme | s. 8 |
| Lars Bjarne Marøy: | Då Israel fekk nok | s. 11 |
| Kenneth Kiplesund: | Framvoksteren åt demokratiet i Noreg | s. 12 |
| Lars Bjarne Marøy: | Askeland fester grepet | s. 14 |
| Lars-Toralf Storstrand: | Kvar var Golgata, sa du? | s. 16 |

Gasskraftdilemmaet

Av Thoralf Bergwitz

Når me no - heilt nyleg - hev vori vitne til reine ramaskriket på grunn av dei digre energiprisane til industri og hushald, dette på grunn av nedtappa vassmagasin, so måtte vel den rimelege løysingen på - i alle høvet det problemet . vera å byggje ut - med tilgjengeleg teknisk kunnskap - energiverk - snarast mogleg - og då ikkje noko lappverk som ikkje dugjer stort i det store gapet som samheldet er inne i av skort på energi.

Dei store energiresursane på planeten vår, det hev - som kjendt - vori vasskraft og brensel. Steinkol - som det er funni store mengder av i jord og i berg - og torv - hev vori det mest nytta - so og segja frå dei fyrste tider. Gass hev vori produsert av tilgjengeleg brensel - mest av køl. Berre småe mengder er funni i naturen fyrr den verkelege oljeboringen tok til. Men i samband med olefunn i jordi, so hev me - dessutan - funni store mengder naturgass i jordi.

Me hev - i relativ nyare tid - upplevd sterk ureining av naturen - her i landet serleg - som fylje av utslepp frå kolkraftverk i England og på kontinentet. Denne ureiningen er - i stor mun - svovellinnhaldet i køl - som brenn til svoveldioksyd (SO₂) - som saman med vasseim (H₂O) - som er eit produkt av brennt hydrogen, vert til svovelsyre(H₂SO₄) når gassen vert nedkjølt i lufti. Denne syra er giftig og sterkt tærande på - millom anna - levande vokstrar i naturen Avgassen frå desse kraftverki - driv inn over Sud-Noreg - og drep mykje av skog og andre vokstrar i landet vårt - og elles der avgassen hev drivi inn.

Naturgassen inneheld lite eller inkje svovel. Den inneheld dessutan mykje meir hydrogen enn både olje og køl. Og når me veit at når hydrogen brenn, so er avgassen reint vatn. Difor er avgassen frå eit gasskraftverk mykje minder ureinande enn både kol- og olje-kraftverk.

Det er difor ein uimotsegjande røyndom - at brenning av denne naturgassen - gjev mykje reinare utslepp til naturen enn både jorolje og køl. Det må difor ikkje herske den minste tvil um at berre ved eit energiverk drivi med naturgass, gjev ei ovstor vinning for miljøet. Det er ikkje ærleg spel å nekte for det. Dette er òg hevda i lang tid - av gasskraftforkjemparane, men hev - som rimeleg kann vera - vorti delvis avvist av miljøvernarene. Dette



er gjort - trass i at det - til dels - hev vori eit val - millom sterkt forureinande kolkraft frå Danmark eller kontinentet - og gasskraftverk.

Ein motstand til gasskraftverk på eit slikt grunnlag, vil måtte karakteriserast som sneversynt . Det tyder på at me då tenkjer som um me her i Noreg er åleine på jordi - eller som um me ikkje tek omsyn til at me er saman med andre lands menneskje - som òg gjerne skal leva i rein - eller reinast mogleg luft.

Relativt nyleg - er carbondioksyd (CO₂-gassen) oppdaga som skadeleg. Denne gassen er - som me skynar - òg eit produkt av det me brenn - anten det er køl, olje eller gass. Me bør då òg koma i hug - at det er - prosentvis - mykje meir carbon - som dannar CO₂ - i køl og olje - enn det er i naturgass. Ein annan røyndom - som me òg må taka med - det er at CO₂-gassen ikkje er giftig - i motsetnad til dei hine gassane frå varme-energiverk. CO₂ er framleis føde for tre og andre plantar på jordi. Det leide med CO₂-gassen, er at det vert for mykje av han. Me hev ikkje lenger nok plantar og tre til fortære CO₂-gassen. Dei store skogane - som skulde taka undan den stendig aukande CO₂-produksjonen er vortne - og framleis vert - nedhogne. CO₂-gassen fyller difor upp atmosfæren - i aukande tempo - og held soleis meir på refleksjonsvarmen frå jordi - enn han hev gjort fyrr. Soleis fær me eit stendig mildare klima på jordi.

Ja, var ikkje det godt då ? Då kann me spare mange pengar på å halde oss heime i vårt eigi land - i staden for å fara til Spania og andre land - der det er mildare klima, for då hev med det me ynskjer oss her me bur! Denne CO₂- gassen er - som sagt - heller ikkje giftig - og drep ikkje slik som ein giftgass gjerer !

Det er likevel noko anna med denne skræmelege CO₂-gassen.

Denne oppvarmingen som han skaper - når det vert for mykje av han - det virkar inn på på ismassane i polar-umkvervi - der isen smeltar - og på det viset kann overfløyme store land-umkverve - der det jamvel er tettbygde strøk. Soleis kann store katastrofar vera trugande.

Ein annan fære med oppvarmingen av atmosfæren, er at verlaget kann utløyse kraftige stormar - og på det viset skapa katastrofar.

Men - som sagt - for all del - me vert ikkje forgifta av CO₂-gassen.

Det skulde difor - heller ikkje vera so - som påstandet er - at det enno er - ein heilt overhengjande fære for dei katastrofane - som me kann vente skal koma med dei aller fyrste åri.

Men åri er - visseleg ikkje so overvettete mange - fyrr katastrofen kann nærme seg. Difor - CO₂-gassen kann me alltid liva med - enno nokre år - sjølve gassen - den døyr me ikkje av. Men dei katasstrofane som visseleg vil koma - innan relativ stutt tid - den kann me ikkje verje oss imot - det me veit - utan verkeleg effektive rensemetodar av gassen. Det er det verkeleg store miljøprosjektet som me - for all del - må prioritere.

Med andre ord - det å rense atmosfæren for overskotet av CO₂-gass - det burde - i alle fall etter mi vurdering - vera det aller største og viktugaste miljøprosjektet - som menneski på jordi må konsentrere seg um - og det snarast råd. Ingen destruktive krefter må få lov til å stogge dei åtgjerder som er i gangsett for å få dette til.

Sett frå min synstad - so ser det ut til - at me alle som ynskjer at livet på jordi skal vara - endå ei tid - dei burde verkeleg takke og vera glade for det som styremakti i Noreg - no hev gjort vedtak um å setje i gang - både å byggje eit stort gasskraftverk - som sparer giftige utsleppsgassar i store mengder å sleppe ut - i staden for å ty til dei sterkt ureinade køl- og olje-energiverki - og til å utvikle teknologi til å byggje eit CO₂-rensaneanlegg som gjev utbytte i verkeleg store mengder. Dette burde alle menneski på jordi vera takksame for at me er komne i gang .med. Dette er verkeleg stort å koma i gang med!

Sank ein tingar til
Målmannen!

Det handlar framleis um høgnorsk

Av Olav Torheim

I ein reportasje frå 4. januar i år melder Bergens Tidende at nynorsken er på vikande front i flestalle hordalandsskommunane. I Fjell på Sotra er bokmålsbrukarane åttå koma i fleirtal. Som på Ågotnes skule der talet på bokmålslevar berre det siste tiåret hev auka frå 11 til 40 prosent. -Held det fram slik, ottast eg nynorsken kjem til å døy ut, fortel norsklærer Ulf Aronsen.

Dei fleste elevane hans fortel at det er lettare med bokmål enn med nynorsk:

- Vi møter bokmål overalt. Nynorsk har så mange vanskelige ord som vi ikke bruker, meiner Elisabeth Aase og Isabell Ågotnes.

For 15 år sidan var det enno nynorskfleirtal i hordalandsskulane. No nærmar bokmålsbrukarane seg seksti prosent. Og diverre er det likt til at det som hender i Hordaland er lekk i ein landsumfemnande trend. Under titelen "Nynorsken forsvinner" fortel NRK Telemark i eit nyhendeuppslag den 15. januar at talet på nynorskelevar i fylket hev vorte redusert dei siste 14 åri frå 21 til 14 prosent. Det skulde vera uturvande å slå fast at dette er dramatisk.

Noregs Mållag fortel på si sida at dei er svært medvitne på det som hender, og dei hev stødt kampanjar der dei freistar å få skulelevar til å stå i mot språkpresset og halda på sin eigen identitet og kultur. Det fortel Hege Myklebust i ein kommentar til Bergens Tidende.

Diverre so trur ikkje me at fleire kampanjar er uppskrifti for å få ungdommar til å halda på nynorsken. Det kann måhenda demma upp, men det kann ikkje snu straumen. Dei ungdomane som BT hev tala med gjev eit klårt og greidt svar på kvifor dei hev bytt til bokmål, og det er ikkje ulikt den grunngevingi me hev høyrte frå andre: Det er ikkje det at dei kjenner seg språkleg og kulturelt undertrykte, men at dei endå dei hev budd i ein nynorsk kommune heile sitt liv uppliver nynorsken som vandslegare å skriva enn sidemålet bokmål.

Dette er vitnemål som me må taka ålvorlegt. For hev me nokon gong høyrte um bokmålslevar som vil skifta målform av di dei tykkjer nynorsk er lettare å skriva enn bokmål?

Når elevane på Ågotnes klagar yver at skulenynorsken inneheld so mange ord som dei ikkje nyttar i daglegtala, kann ein alltid leggja i mot at slik er det i bok-

målet med. Men det hjelper berre ikkje, for her kjem ein til det andre poenget i argumentasjonen åttå skuleelevane: Dei møter bokmål yveralt, og det er det som legg premissane for korleides dei tenkjer um språk. Som ein ungdom frå Nerstrand i Rogaland sa til meg i ein diskusjon: -Eg seier ikkje "høyra", eg seier "høra". Difor hev eg bytt til bokmål, der heiter det "høre".

I festtalar vert det gjerne sagt at nynorsken stend sterkare enn nokon gong, og at det finst ein halv million nynorskbrukarar. Likevel er det slik at dei mest selde avisone i nynorsk kommunane Volda og Ørsta ikkje er Møre og Mørenytt, men Dagbladet og VG. Ungdomen i "nynorskland" fylgjer med på dei same TV-kanalane og surfar på dei same nettstadene som jamaldringane i Oslo gjer. Det må vera litt av eit paradoks at i eit lite språksamfund som Island, med sine 200.000 språkbrukarar, kann ungane sjå teiknefilmur um Ole Brumm og Mikke Mus med islensk tala, medan det i Noreg er praktisk tala umogleg å få kjøpt ein einaste DVD med barnefilm på nynorsk. Det siste var det ein kamerat som nyleg gjorde meg merksam på. Ein av kollegaene hans hadde ein son som såg so mykje teiknefilm på bokmål at han heilt hadde slutta å tala dialekt. Når han tok til på skulen, undrast foreldri på um dei skulde be um at han fekk bokmål som hovudmål med.

Dei usystematiske rettskrivingsreformene framigjenom hev gjort nynorsken til eit språk ein stødt lyt ha siste utgåva av nynorskordlista for å kunna skriva, medan bokmålet greider jamvel tri-fireåringar å nytta korrekt når dei hermer det dei hev høyrte i radio og fjernsyn. Slik hev dagsens nynorsk - som skulde vera so pedagogisk med di han gav folk fridom til å skriva slik dei sjølve snakka - vorte til ei leikegrind for ein språkleg elite - dei fåe ressurspersonane som vil ha si eigi personlege rettskriving på repertoaret. Slikt er ikkje serskilt pedagogisk andsynes folk flest, som vil ha eit greidt og einskapleg mål, og som difor vel bokmål. So mykje for nynorsken som det "folkelege" og "motkulturelle" alternativet.

Men den nynorsken som Ivar Aasen sette upp var faktisk både einskapleg og lett å læra. Han hadde dei kvalitative fyremunene som gjorde honom tevfør

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Natland stud. by S136
5081 Bergen

Bladstyrar:

Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 55 28 23 70
Mobil 99 15 64 28

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

med norskdansken. Vil me snu dei negative straumdrag, er høgnorskspursmålet ikkje til å koma i frå.

For når nynorsken er so lite synleg i samfundet som han er i dag, er det di meir viktugt at den nynorsken som i røyndi kjem fram er markert og einskapleg. Slik kann skriftbilæti litt etter litt få festa seg, og lesarane fær øvd upp språkkjensla, so det med kvart kjem intuitivt - og utan Helleviks ordlista - kva som er godt eller låkt mål.

Til slutt vil eg syna til eit uppslag i avisa Smaalenene frå 12. januar i år. Her kjem det fram at 70 prosent av bokmålslevarne er negative til å læra nynorsk. Når elevane vert spurde um kvifor, fær avisa fylgjande svar: - *Vi forstår nynorsk uten å undervises i det, de to språkene ligger såpass tett opptil hverandre, fortel 17-åringen Petter Mælnes* (som i det same uppslaget poserar med ei brennande nynorsk ordlista).

Ein klår og markert nynorsk vilde ikkje berre vera eit tydelegare språkleg alternativ for dei med nynorsk som sidemål. Han kunde gjeva nynorskelevane språklege ideal so dei i staden for å klaga yver "vanskelige ord" helder vilde gjera som bokmålsbrukarane - arbeida med språket sitt og læra det - jamvel betre enn sidemålet.

Fragment

Av Jan Hårstad

Etter at den politiske aktivisten Victor Serge slapp ut or det sovjetiske GULAG i 1936, tok han til å publisera bøker og bladstykkje um korleides det ut frå dei rike røysslone hans stod til i Sovjetunionen. Det førde naturleg nok til at han vart trakassert og forfylgd på det verste av dei progressive organisasjonane som rådde grunnen i Vesten i samtidi. Grunnen til dette var at Serge sine analysar ikkje stemde med dei modellane for røyndomsoppfatning som det sjølvutnemnde "Venstre" forsvare og stod for. I dag herskar det ingen dissens um at bøkene hans Victor Serge frå 30-åri hev eit høg og nær sagt uppsiktsvekkjande sanningsinnhald.

Det aktuelle problemet i dag er, som eg ser det, at dei progressive og det sjølvutnemnde "Vinstre" hev laga seg nye mytiske fyrestellingar um samtidi og hev etablert ein type tanketerrorisme. Me kann kalla det dei Politiske Korrekte sitt diktatur og i større eller mindre mun herskar dette diktaturet i alle sentrale norske media. Eit politisk ordskitte i norskt TV gjeng ut på å samla i hop nokre tryggingklarerte representantar frå landsens politiske nomenklatur for at desse skal syta for at det ikkje kjem upp nokre sprikkar i konsensusen - sprikkar som alternative innsyner kunde stikka seg fram i. Mekanismane i det norske samfundet er difor slik at ingen dissens hev ein sjans til å stå fram i offisielle norske media.

No hev eg i etter måten mange år alt hævda at me stend på trappi til den tridje heimskrigen, medan regjeringi Stoltenberg leverar kronikkar um at verdi gjeng frametter mot fred og velstand. Etter å ha gjeve upp arbeidarklassen, hev det sjølvutnemnde "Vinstre" i Klassekampen funne ut at muslimsk fundamentalisme, representert ved Hizballah og Hamas, er anti-imperialistiske saker og dimed fortener gratulasjonstelegram og stydjande kronikkar. Dei som set spyreitekn ved dette risikerar å verta stempla med alt frå Adolf Hitler til Carl I.Hagen.

Det segjer seg sjølv at med eit slikt grunnleggjande huglag er ein ikkje det minste huga på å studera soga um korkje Islam eller moderne islamistisk teori slik han vart dyrka fram av Hassan al-Banna, Sayyid Mawdudi, Aytollah Khomeini og Sayyid Qutb. Endå um desse gubbane svarar til Marx, Engels, Lenin osv innan



Islamistisk propagandaplakat.

marxismen, finn ein sjeldan eller aldri artklar um desse i dei kringværi som talar for islamsk fundamentalisme.

Pressa av USA vert no Noreg i stigande mun ein komponent i Vestens militære styrkar som ligg i krig med islamske mujahedin, som i Libanon og Afghanistan. Dette fører med seg ein lavine av kronikkskriving frå sosialdemokratiske og offisielle forskningsfolk som hev det sams at tankeprodukti aldri flytter seg utanfor Vesten og dei korrekte sitt rådeverk.

Me skal taka nokre fragment: eit nyleg frigjeve dokument frå Zbigniew Brzezinski 3 juli 1979 gjeng slik: "President Carter hev i løynd løyvt 500 millionar dollar for å skapa ei internasjonal terrorist-rørsla som vil breida ut islamsk fundamentalisme i Sentral-Asia for å setja Sovjetunionen ut or lage." Dette vart kalla Operation Cyclone og bringa fram Osama bin Laden og kom til å kosta 4 milliardar dollar. Pengane vart nytta til å laga islamske treningslæggjer i Pakistan. Sume vart sende til CIA sitt treningslæggjer i Virginia der morgondagens Al-Qaida gjekk i skule. Nokre vart rekrutterte i USA. I Pakistan vart dei leidde av engelske MI6 og trente av SAS.

So seint som i 1995, under Balkankrigane, organiserte Bill Clinton det slik at det globale Jihad vart ført inn i Bosnia og Kosovo som amerikanske leigesoldatar

og samarbeid med både Iran, Tyrkia og Saudi-Arabia (Kohlmann:Al-Qaidas Jihad in Europe, Berg 2004).

Me kann seija det slik at visse hendingar kring Balkankrigane gjorde at kjærleikstilhøvet millom det globale Jihad og USA byrja å kolna og gjekk yver til fiendskap og krig med ambassadebombing i Afrika nokre år seinare.

Her melder det store gåtefulle spørsmålet seg: Kven finansierar og styd det globale Jihad idag? Kven stod eigenleg attum 11. september 2001 i New York? All forskning um terrororganisasjonar i moderne tid syner at dei til vanleg er knytte upp til statlege njosnarlag (etterretningstenestor) og statleg infrastruktur og vert finansierte derifrå.

23. februar 1998 gjorde Osama bin Laden upptak til skipingi av The International Islamic Front for Jihad on the Jews and Crusaders. Dette er ei ov-viktug hending som ingen norske afghankronikkskrivarar tek i. Det inneber at pakistanske organisasjonar som var både femti og seksti år gamle med hundradtusundtals tilhengjarar gjekk inn som medlemmer i denne globale fronten og gav studnad til Taliban. Inni den pakistanske staten, som har ei islamsk statsforfatning, fanst det nok av sympatisørar og vener i både herstelltet og i det vidgjetne njosnarstellet (etterretningi) - jamvel pakistanske atomfysikarar var sympatiske til

Al-Qaida-Taliban. Når ein tek med i reknessykkjet at Gamal-Taliban vart kasta ut or Afghanistan i 2001, er det heilt oppsiktsvekkjande at dei våren 2006 fær NATO heilt ut or lage militært.

Korleides skal ein forklåra dette? Den norske måten er å bruka ein slags heimstad-lære-analyse der ein ikkje tek utgangspunkt i dei endra styrketilhøvi i verdspolitikken, men i saumfaring av lokale særdrag millom stammar på landsbygdi i Afghanistan. Eg hev ingen motlegg til det siste, so sant ein ikkje misser stoperspektivet.

I den tidi me her talar um, hev Russland og Kina gjenge saman um ein militær allianse og hev fenge tilslutnad av ei rad statar i Sentral-Asia som vil ha USA ut frå umrådi med olje- og gasskjeldor. Russland er i dag den aller største våpenleverandøren til landi i den tridje verdi og når Iran i dag er ei slik militær supermakt, er det takk vere levering og hjelp frå Nord-Korea, Kina og Russland.

Den gongen det gamle Taliban hadde makti i Afghanistan, var det fyrst og fremst Kina som sytte for den tekniske oppbyggjngi av landet og ikkje minst på den militære fronten med et signalsystem tufta på avanserte fiberoptiske teknikkar. Nett det same systemet som Hizballah hadde i Sud-Libanon. Då amerikanarane tok seg inn i holor og militærlægjer i 2001, vart dei direkte sjokkerte yver kor mange fine kinesiskproduserte våpen dei fann. Millom anna mange SA-7-missil av nett det slaget ein freista skyta ned eit israelsk fly med i Kenya.

Det machiavelliske med pakistansk politikk er at Pakistan grunnleggjande er ein solid alliert med Kina, medan dei på same tidi freistar å halda venskap med USA for skuld våpenteknologi og investeringar.

Det var difor eit sjokk for USA at Pakistan i september gjorde avtala med Taliban-Qaida um ei slags intern våpenkvild: det globale Jihad skulde få byggja upp ein Sharia-basert stat på grensa til Afghanistan, Waziristan, mot at dei avstod frå terror mot det pakistanske regimet.

Den store diktaren Borges bruka formuleringi "the centrality of margins". Vel, sentraliteten i dag er emiratet Waziristan som er hovudkvarteret for det globale Jihad, med andre ord 1998-fronten mot jødar og krossfararar. Taliban er ikke berre sett i hop av afghanarar, det finst eit større pakistansk Taliban, og det finst uzbekarar, arabarar og tsjetsjenarar

displinerte på plass i kampsonone.

Det vekte stor åtgaum at Russland på eit tidleg tidspunkt gjekk ut og slo ring um palestinske Hamas som er ei deild i det globale pan-islamske Muslim Brotherhood. Vituge Arabiske analytikarar såg på denne handlingi som eit signal um at Russland tok på seg ei vernarolla for den muslimske verdi mot Vestens imperialism. På same tid gjorde Kina det klårt at dei vilde auka investeringane sine i Iran med milliardar av dollar og byggja ei røyrløysing gjennom Pakistan/Afghanistan til Iran. Når det gjeld dei kinesiske framstøytane mot energien i Arabia og Afrika, må ein kunna segja at Iran hev vorte det sentrale fundamentet deira.

På den palestinske arenaen - der det nær sagt er borgarkrig millom partane - ser me at Hamas heilt ope hev gjenge inn i aksen Iran, Syria og Hizballah. Alle våpentypar og røymslor frå siste krig i Libanon vort yverførde til ikkje berre Palestina, men jamvel Irak, Afghanistan og Somalia. Militære ekspertar frå desse landi fyk millom kampsonone med siste nytt innan krigføring.

Det globale Jihad godtek ingen nasjonalstatar, det som eksisterar er den muslimske Ummah som fører krig mot dei vantru, dekadente og ufine. "Alt som umgjev oss er Jahiliyya", skreiv Qutb.

Det globale Jihad bur seg på ein D-dag mot Israel der alle komponentar er med og vort synkroniserte ut frå potensialet sitt. Dette veit den israelske militærestaben, må vita, og bur seg som vangle til å vera lengst framme i krigføring. Ein storkrig av historiske dimensjonar ligg i korti.

Det store spørsmålet som me ikkje kjenner svaret på er: I kor stor mun er dei tvo oppetterstigande supermaktene Russland og Kina bakspelarar på dei ulike krigsscenone der det globale Jihad vort konfrontert med NATO-styrkar?

Slik som dagsens styrketilhøve er i verdspolitikken hev ikkje USA/NATO nokon som helst slags sjanse til å vinna, korkje i Afghanistan eller Irak.

Jan Hårstad er skodespelar og mangeårig skribent i avisor som Klassekampen og Friheten.

Nynorsk integrering

Høgskulelektor Hilde Osdal melder at vantande nynorskupplæring av innvandrarar hindrar integrering. Dette skriv Dagbladet den 16. desember 2006. Osdal underviser i norsk for utlendingar ved Høgskule i Volda, og observasjonane hennar Osdal burde setja jamstillingsumbodet sine åtak på mållovi i eit nytt ljøs. Som det vart kommentert i fyrre utgåva av Målmannen hev jamstillingsumbodet teke til ords for å fjerna kravet um nynorskkompetanse for offentleg tilsette, og det med nett den grunnjevningi at det hindra integrering av innvandrarar.

I artikkelen «Det norske språkmangfeldet - for alle?» i siste utgåve av tidskriftet Syn og Segn, skriv Osdal at opplæring i nynorsk for minoritetar er fornuftig med di det gjev innpass i ein sereigen, norsk kultur. "Minoritetsspråklige har rett til nynorskopplæring. De utestenges fra noe som alle andre tar for gitt. Jeg mener det er en form for diskriminering", segjer Osdal til Dagbladet.no.

Me kjenner sjølve ei rad innvandrarar som hev lært seg nynorsk betre enn mange nordmenn maktar å gjera - og dei finn nynorsken lettare enn bokmålet, jamvel um dei ikkje hev nokon bakgrunn for det. Dei hev helder ikkje med seg dei mange fordomane og mytane mot nynorsk heimanfrå, og er soleides meir motiverte til å læra seg nynorsk enn det mange av dagsens gymnasiastar er.

Men det er med innvandrarar som med nordmenn flest, fråstandet kann vera stort millom det som er det jamne huglaget hjå majoriteten og det som vort rekna som god latin hjå ein elite. Me vonar det siste er stoda med svaret frå Fakhra Salimi, leidar for det sokalla Mira-senteret:

"Jeg mener det språket som snakkes i Norge i dag, det som er ordentlig riksmål, det er jo bokmål, ikke nynorsk. Det er det språket som er norsk språk. Det er viktig for folk å lære det språket som de fleste nordmenn snakker".

Dvergemålet

Sanninga, Arne Garborg og me i vår tid

Av Asbjørn Hunnes

I møtet med Jesus sette Pilatus ord på vanskane sine slik: "Kva er sanning?" Dette problemet har dukka opp i tenkjinga si søge frå Platon si likning om menneska som sat bundne i hola med andletet mot veggen der dei såg skuggbilete av ei røyndleg verd som dei ikkje kunne sjå. Soleis trudde dei at skuggbileta var røyndomen eller sanninga.

Oppigjenom saga har dette spørsmålet fylgt filosofane. Mange trudde nok at Newton hadde funne svaret då han laga naturlovene og sa at du kan vite det du kan sjå, måle og vege. Ja etter han har det vore tenkt eller bruka som om det einaste vi kan vite er det du kan sjå, måle og vege. Men filosofane slo seg ikkje til ro med dette svaret, ja Nietzsche gjekk så langt at han nekta for at det fans ei sanning.

Nett då Nietzsche sine tankar stod på det sterkaste, i 1890-åra, tok ateisten og filosofen Arne Garborg til å leite etter sanninga. Og ikkje berre spørsmålet om eg kan vite det eg veit, men om eg kan vite noko om Gud.

For meg ser det ut som om Garborg i boka Fred ville bruke Nietzsche sine tankar til å verte kvitt den skuldkjensla tilhøvet til faren hadde lagt på han. I denne boka mister hovudpersonen, Enok Hove si religiøse tenkjing meir og meir kontakta med det røyndlege livet. Kristen-trua vert redusert til ein tankekverv i hovudet som tok ei heilt meiningslaus styring over livet hans. Boka slutta med at Enok hove, forfylgt av desse tankane, sprang på vatnet:

"Han kom ikkje opp att meir. Evja måtte hava soga 'n i seg.

Sunnavingden strauk over vatne med sin linne sus, og det sutla og skvala, koseleg og smått. Sutla, skvala Sutla, skvala"

Her forstår eg Garborg slik at han orsakar far sin fordi leiting etter ei sanning som ikkje finns syg ein inn i ei tankeevje som til slutt gløyper ein heilt. Dermed kan han vise slik tenking frå seg å få fred. Men Garborg fekk ikkje fred. Tre år etter (1895) kom ei forteljing - som var ei diktsamling - "Haugtussa".

Etter innleiingsdiktet Til deg du hei og bleike myr (Evja som saug Enok Hove i seg?) kjem sjølve knuten som Garborg må løyse: Kan eg vite?. Det er diktet "Veslemøy ved rokken". Kan vi få



Arne Garborg.

vite om villkatten Mons er ein katt eller ein prins.

Eg gjev her att berre andre bolken av diktet.

*Skal vita kvar du vankar
i blide draumar no?*

*Kan hende dine tankar
seg svæver lint til ro
i gammal minne-krins,
som stilt i hop seg sankar
frå den tid du var prins?*

*Venaste prins i verdi
du gjekk i skogen grøn
med gullhår over herdi
og ung og keik og kjøn,
og tenkte på den møy
som gjekk og henta bæri
så vide under Øy.*

*Då kom den trollheks blide
med sving og sveiv og svins
frå trolleheimen vide
og såg den vene prins.
Men skremd han frå ho skvatt.
Då las ho trollhøn stride
og gjorde han til katt.*

*Sidan så vidt han flakkar
igjennom skog og skar,
langt over berg og bakkat,*

*og kjem til okkons gard.
Her kan i ro han døy.
Her vil han kvile, stakkar,
og tenkje på den møy.*

*Å hu! det ruskar ute
med regnvind. sur og grå;
småfuglen flyg mot rute
og liksom bankar på.
Men under omnen god
Du Mons på sekkepute
skal drøyme lognt i ro.*

Denne villkatten som hadde kome til garden og slege seg til ro. Han var nok ingen prins, men kven kan prove det? Ingen kan prove at han ikkje er ein prins. Derimot kan det provast at han er ein prins, ved at forbanninga vert teki bort. Men kven kan gjere det?

Det du kan sjå, måle og vege strekk ikkje til. Med dette diket vedgår ateisten Garborg at det er uråd å prove at Gud ikkje er, men problemet hans er uløyst, for kan han prove at Gud er?

Alt i neste dikt postulerer Garborg ein immanent eksistens. Han kjem ikkje lenger enn til postulat i denne boka. Der han, etter mitt skjøn, kjem nærast at røyndom og postulat smeltar saman er i "Svartekatekisma".

I "Læraren", boka som kom året etter (1896), tek Garborg oppatt problemstillinga frå "Fred". Sonen til Enok Hove, Paulus Hove, vel å følgje Jesu strenge etiske krav. Han sel Garden Hove, gjev pengane til dei fátige og flyttar ut i Kvernhusheia.. Men no er det ikkje "evja" i hovudet som gjer "det etiske imperrativ" umogeleg. Allereie Sokrates skal ha sagt at om det skulle finnast ein rettferdig mann ville han verte krossfest. Også Paulus Hove vart offer for eit justismord. Evja er hjå det vanlege mennesket.

Garborg er komen dit at han har postulert at kristen-trua er sann, men han kan ikkje prove det.. I slutten av 1870 åra kritiserer han Brandes for at kristendomskritikken hans er for teoretisk. Sjølv forfekter han ein "metodisk ateisme" i vitenskapane, men ein vitenskap som doserer ateisme er like uvitenskapleg som den vitenskapen som doserer Guds eksistens.

No var Garborg sitt problem: Det du kan vite er det du kan sanse, vege og måle. Korleis kan du tru det du ikkje kan vite?

I Den burtkomne Faderen kapittel IX formulerer Garborg det slik: "Det er tvo vegar til live; og tvo meistrar: Rabbien frå Nasaret og ein mystikar frå her eller der. Dette fær munkane slåst um; haldt du deg til det som du veit." (Mi utheving). Så langt Garborg si leiting etter svaret på Pilatus sitt spørsmål.

Så er det vår tur til å leite. Kan vi finne sanninga. Lat oss i utgangspunktet dele Garborg sin tillit til Newton og seie at det vi kan vite er det vi kan sanse, vege og måle. Lat oss godta naturlovene. Sal 148:4-6 "Lova han, de himlars himlar, og de vatn som er over himlane. Dei skal lova Herrens namn, for han baud, og dei vart skapte. På deira stad sette han dei for all tid, for evig. Han gav ei lov som ingen av dei bryt."

Den neste føresetnaden delar eg og med Garborg: at det finns mangt som vi ikkje kan vite. Slik han forklara problemstillinga i "Veslemøy ved rokken." No gjer vi vel i å merke oss at her er utgangspunktet for Garborg si leiting etter Gud, etter sanninga, etter den burtkomne Faderen.

Ved å seie at det vi kan vite er det vi kan sanse, vege og måle gjer vi verda lita, oversiktleg og trygg. Vi stengjer oss på ein måte inne i eit syltetyglas, der alt det farlege som vi ikkje kan vite noko om er utanfor. Vår kjende, trygge verd er det som er inne i glaset.

Så gjer Garborg det menneska til alle tider har gjort han knuser glaset (Med diktet om Mons villkatt.) og prøver å finne ut noko om det som er utanfor. Han gjer det Paulus skildrar i Apg 17:24-28 "Gud, han som skapte verda og alt som i henne er, han som er herre over himmel og jord, han bur ikkje i tempel som er bygde med hender. Han lét seg heller ikkje tena av menneskehender som om det var noko han skulle trenga. For det er han som gjev alle liv og ande og alle ting. Han lét alle folkeslag av eitt blod bu over heile jorda, og han sette faste tider for dei og faste grenser mellom bustadene deira. Dette gjorde han for at dei skulle leita etter Gud, om dei kanskje kunne kjenna han og finna han - endå han ikkje er langt borte frå ein einaste av oss. For i han er det vi lever og rører oss og er til. Som òg nokre av dykkar eigne diktarar har sagt: For vi er òg hans ætt."

Det er denne leitinga som har skapt all religion. Ja mange definerer religion nettopp som "mennesket sin veg til Gud" Garborg vedgår det sjølv: "Faderen er den som borni skapte i sitt

bilete og ikkje fær hjelp når dei bed, og ikkje svar når dei spyrr, då gjeng dei på leit etter Faderen og finn seg sjølve." (Den burtkomne Faderen I.)

Også her lyt eg seie meg samd med Garborg. Ingen religion kan føre oss til Gud. Det einaste vi finn er oss sjølve. Budhismen har teke konsekvensen av det og søkjer Gud i mennesket sjølv. Og når du finn han finn du Nirvana. Då tek all lidning slutt. Og så er det ikkje meir. Men det var Pilatus sitt spørsmål: "Kva er sanning?" Han retta spørsmålet til Jesus, men han venta ikkje på svaret. Joh 18:38 "Pilatus seier til han: Kva er sanning? Og då han hadde sagt det, gjekk han ut att til jødane og sa til dei: Eg finn inga skuld hjå han."

Men er det alt det vi kan sanse, vege og måle som er sanninga, så vart vårt spørsmål: Kan vi vege Gud?

Svaret er ja!

Ni månader før den første jule-natta skrudde Gud loket av syltetyglaset vårt og kom inn i det. Heilt inn i morslivet til ungenta Maria. Då Maria eller Josef la han i krubba, sa dei nok eitkvart om kor tung, lett, stor eller liten han var. Og nokre år seinare skreiv apostelen Johannes noko om det same: 1Joh 1:1 "Det som var frå opphavet, det som vi har høyr, det som vi har sett med augo våre, det som vi såg og hendene våre rørde ved, om livsens Ord

Slik er kristentrua det motsette av religion. Kristentrua er Guds veg til menneska. Han som vart lagd i krubba svara før Pilatus spurde.: Joh 14:2-6 "I huset åt Far min er det mange rom. Var det ikkje så, då hadde eg sagt dykk det. For eg går bort for å gjera i stand ein stad åt dykk. Og når eg har gått bort og har gjort i stand ein stad åt dykk, kjem eg att og skal ta dykk med meg, så de òg skal vera der eg er. Og dit eg går, veit de vegen. Tomas seier til han: Herre, vi veit ikkje kvar du går av, korleis kan vi då vita vegen? Jesus seier til han: Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan ved meg."

Så kjem spørsmåla frå Garborg att: Korleis kan eg tru? På slutten av Den bortkomne Faderen" skriv Gunnar i dagboka si at det er livet til bror hans Pål. Eller Paulus Hove, som er det truverdige vitnemålet. Problemet er at Det er ingen som lever slik som bror hans. Folk kallar Pål Galin og dei truande seier at han er forgjord.

Og det tunge eller lette barnet som vart lagt i krubba, og som no sit med

naglemerkte hender ved Allmakta si høgre hand seier det same: Joh 8:31f "Jesus sa då til dei jødane som var komne til tru på han: Dersom de vert verande i ordet mitt, då er de i sanning mine læresveinar. Og de skal kjenna sanninga, og sanninga skal gjera dykk frie."

Dette har alltid vore dei truande sin store vanske, og det ankemålet som alltid har vorte reist mot dei. "Eg ærar Gud, men ringaktar tenarane hans" er eit kjent sitat. Meisteren sa at kvar den som hatar bror sin er ein manndrepar, men dei truande seier at det er greitt at du drep barnet ditt, berre du gjer det i tide. Meisteren sa at: "Før himmel og jord forgår, skal ikkje den minste bokstav eller ein einaste prikk i lova forgå... (Matt 5:18) og lova seier at du skal ikkje liggja med ein mann slik som ein ligg med ei kvinne. Det er ein styggedom (3M 18:22.) Og dei truande seier: Jaudå, du kan endåtil vera prest for barnet frå Betlehem om du gjer det.

Dersom det er rett at vi ikkje kan finne sanninga, men at sanninga har funne oss. Då kjem vi ikkje utanom det siste spørsmålet eg må reise, og som du må svare på:

Vil du gjelde for å vere galen og forgjord, men trygg i tillita til Gud slik som Pål Hove, eller vel vi å vere mellom dei kloke, spørjande og redde for både Gud og menneske slik som Gunnar Hove?

Etterskrift

Då biskopen i Nordhologaland sa at homofilt samliv var legitim kristen framferd tala soknerådet og soknepresten i Kautokeino biskopen til rettes. Dei gjekk fram slik Jesus sa at dei skal gjere. (Mat.19) Det gjekk med dei som med Paulus Hove, Børre Knudsen og mange med dei. Soknepresten kom for retten og vart dømd. Kyrkjelyden, soknerådet og soknepresten enda om lag som Pål Hove, ikkje i Kvernhusheia, men på eit gamalt fallelferdig bedehus. Der har dei reist ei forsamling av truande som vel lydndad mot Gud framfor ære hjå menneske.

Heller ikkje eg kom utanom det siste spørsmålet. Mitt val førte meg til bedehuset i Kautokeino. Flyttsamane tok imot meg som ein heimkomen bror. Eg bur ikkje der, så vil du oss noko finn du meg i Sylte i Vanylven. Soknepresten i Bjerkvik i Troms. Formannen og styret i bedehusforeninga finn du i Kautokeino.

Islamsk imperialism

Av Lars Bjarne Marøy

Efraim Karsh er professor og yverhovud for middelhavsstudiane ved King's College, University of London. Karsh hev havt akademiske stillingar ved Harvard og Columbia universiteti, ved Sorbonne, International Institute for Strategic Studies i London og Jaffee Center for strategic Studies ved Tel Aviv Universitetet. Han er ofte i internasjonalt leidande media som kommentator og hev vore på alle dei viktigaste radio og fjernsynsstasjonane i Storbritannia og i Sambandsstatane. Karsh hev òg havt artiklar i leidande avisor millom anna The New York Times, The Los Angeles Times, The Wall Street Journal, The Times (London) og The Daily Telegraph.

Han hev publisert ei rad bøker og ofte vore rådgjevar i spursmål som gjeld Midt-Austen, Sovjets utanrikspolitikk og europeisk nøytralitet. Han hev millom anna skrivt ein politisk biografi um Saddam Hussein og boki "Empires of the sand: "The struggle for Mastery in the Middle East, 1789-1923".

I 2006 kom boki: "Islamic Imperialism a history". Boki er på sett og vis lett å knyta til boki um striden um å ha herskarrolla i Midt-Austen, jf. ovanfor. Karsh innleider med å visa til at det hev kome ulike tolkingar ut av bombone mot World Trade Center 9. september 2001. Karsh gjeng tidleg ut mot tanken um at det som skjedde i 2001 var uttrykk for ein samanstyrt millom tvo sivilisasjonar, ".clash of civilizations". Han viser vidare til at mange akademikarar, bladmenn, skribentar og pensjonerte diplomatar meiner at bombone var eit uttrykk for og ein respons på det dei kallar ein arrogant og sjølvvisk amerikansk utanrikspolitikk. Åtaki vert òg knytte til personlege framtidsdraumar hjå ein gjeng ekstremistar og ikkje nokon heilag krig.

Karsh avviser båe desse forståingsmåtane. Han meiner at det er naturleg å leggja fram ein tridje forståingsmåte. Han vil sjå det slik at det som skjer er eit utslag av røynsla til folk i Midt-Austen. Denne røynsla hev ført til ei kuliminering av innebygde trendar, lidenskapar og åtferdsmynstre som hev funnest i lang tid i regionen. Serleg er det grunn til å understreka den tusundårige imperialisttradisjonen.

Då islam stod fram som religion var det tvo store imperium i området kring dei. Det var Aust-romarriket med hovudstaden i Konstantinopel, og det var det persiske riket som frå 300-talet etter kristus var

styrd av Sasanide-dynastiet. Den arabiske halvøyi som var fødestad for islam var mykje avhengig av aktivitetane til det persiske riket. Persarane hadde koloniar i aust og sør av Arabia, i Najd og i Jemen. Den bysantinske makti var kjennande frå vest i Arabia gjennom den syriske ørkenen der dei hadde klientkonedøme.

Det hev vorte hevda at arabarane og islam ynskte å slå attende mot undertrykking frå dei imperia som hadde havt kontroll yver dei, men det var noko langt meir som låg og ligg i islam som ideologi. Under avkoloniseringi av dei britiske og franske koloniane på 1900-talet var det aldri nokon ikkje muslimske land som hadde til ambisjon å taka herredømet yver Storbritannia eller Frankrike. Men slike tankar finst innanfor islam og hev funnest der frå religionen vart grunnlagd. Karsh syner til fylgjande sitat:

"Eg vart komandert til å slåst mot alle menn inntil dei sa: "Det finst berre ein gud, og det er Allah."

Profeten Muhammad, mars år 632

"Eg skal kryssa sjøen til øyane deira for å forfylgja dei inntil det ikkje finst nokon på jordverflata som ikkje godkjenner Allah."

Saladin Januar 1189

"Me vil eksportera vår revolusjon yver heile verdi inntil ropi: Det finst ingen gud utanum Allah og Muhammad er hans profet, vert høyrst yver heile verdi."

Ayatollah Ruhollah Khomeini, 1979

Eg vart ordra til å slåst mot folk inntil dei sa: Det finst berre ein gud, Allah, og hans profet er Muhammad"

Osama bin Laden, November 2001

Muhammad gjorde islam til ein religion som ikkje kjende landegrensor eller nasjonale bindingar. Han etablerte òg "ummaen" eller samfundet av dei truande. Det var ummaen som var rådeverket for dei truande i dei umrådi som islam la under seg. Muhammad sette òg fram prinsippet um Jihad, "iverksetjing av Allahs veg" som den viktigaste framkomstmåten til å spreida islam. Den farvelhelsingi som Muhammad gav tilhengjarane sine var: "Eg vart komandert til å slåst mot alle menn inntil dei sa: "Det finst berre ein gud, og det er Allah."

Karsh meiner at Muhammad innleidde ein tradisjon i Midt-Austen. Ein

tradisjon som islam hev vidareført frå det fyrste arabisk-islamske imperiumet (abbasidedynastiet) på midten av 700-talet fram til det ottomanske imperiumet som gjekk i oppløysing i 1924. Soga um islam hev vore ei soga um oppkomst og fall for verdsuuspennande imperium og ikkje minst um imperialistdraumar. Oftast hev det vore meir snakk um draumar enn um røyndom. Kor som er desse imperialistdraumane heng ved islam den dag i dag.

I motsetnad til innanfor kristendomen hev islam aldri skilt millom verdsleg og åndeleg/religiøs makt. Muhammed hadde kontroll både yver den verdslege og den religiøse makti. Muhammed kunde gå inn for verdsleg makt og landevinning utan at han vart regulert eller balansert av nokor motmakt. Han hadde all makt. Religion, politikk og samfund heng nøgje saman i islam og sambandet er høgst levande. Det er knappast noko serleg att av slike samband i den moderne vestverdi.

Det finst dei som meiner at islam ikkje kjende landegrensor, men berre imperium og at den einaste politiske einingi var den ideologiske og mektige ideen um Islams hus (Dar al-islam), ein sams heim for alle muslimar. Denne ideen um islams hus kann knytast til heile tidi etter fyrste verdskrigen som førde til samanbrotet for det ottomanske imperiet. Ulike rørsler med panarabistiske eller panislamske tankar hev stade fram i denne perioden.

Dei europeiske stormaktene hadde yversjøiske undersattar med ei klår grenselina millom meister og undersatt, medan dei islamske imperia var landbaserte og tufta på ei total assimilering. Medan nasjonalismen i dei tidlegare koloniane skilde kvart land frå ein annan, vart dei arabisktalande og muslimske landi samla rundt tanken um ein islamsk einskap.

Det er vanleg å rekna med at sams språk, kultur, tradisjonar, røynsler og soga er med på å samla folk kring ein sams nasjon som som oftast er knytt til eit gjeve territorium. Den arabisktalande folkesetnaden i Midt-Austen delar språk og religion på grunn av den tidlege islamske imperialistbolken. Desse kjennteikni hev likevel ikkje gjeve nokon arabisk solidaritet eller djupe kjenslor av sams soga, lagnad eller tilknytning til nederva fosterland. Det var heller ikkje noko som knytte saman dei arabisktalande folki til ein nasjon under imperia. Dei kjempa ev. med kvarandre for å oppnå regionalt yverherredøme. Ulike

grupperingar stod fram og gjekk under. Den kjende T.E. Lawrence, umtala som "Lawrence of Arabia" uttala at ei samling av arabisktalende land vilde vera like lite sannsynleg som ei samling av engelsktalende land.

Folk var splitta millom den lokale tilhørsla til stammor og den yverordna lojaliteten til imperiet. Leidarar i mange arabisktalende land meinte at det var grunn til å tru at det vilde koma uppatt eit nytt imperium og at det var uturvande med nasjonale tilknytningar. Imperiet vilde koma attende. Fylgja av dette hev vorte dissonansen millom den reelle nasjonalstaten og draumen um ein samla arabisk nasjon eller ei samling av den islamske "umma".

Islamske imperialismen

I den fyrste oppbyggingsfasen av islam var det ikkje den religiøse øsingi som ser ut til å ha vore størst, snarare let det til at økonomisk vinning var eit meir sentralt siktemål. Det tok tid fyre folk vart serleg religiøse i dei nyvunne umrådi, og få stammor flutte til dei nyvunne umrådi fyre umrådi var konsoliderte. Islam let nærast til å vera underordna ein imperialistisk ekspansjonstrong.

Det hev fylgt universelle tankar med andre imperium. Grekarane og romarane såg på folkeslag i periferien som barbarar versus dei sjølve som var siviliserte. Mongolane meinte at det var fyesagt at dei skulde arva jordi. Islam meinte at profeten hadde kommandert deim ut til å slåst mot motstandarar av islam kvar dei enn måtte vera. Det var denne veldige målsetjingi som fekk muslimane til å gå mot dei rådande imperia i regionen.

Dei fire fyrste kalifane og Omajadane sette i gong med landevinningi. Islam hev vel aldri vore meir ekspansiv enn under Omajadane. Frå 632 då profeten døydde og fram til 711 hadde muslimane teke Nord-Afrika, Spania og store delar av det som i dag er Midt-Austen. Det mektige Aust-romerske riket var for det meste redusert til dagsens Tyrkia og Anatolia. Når islamske historikarar oppsummerar saga er dei mindre upptekne av at dei tapte mot franskmennene i 722 enn at dei ikkje greidde å taka Konstantinopel med ein gong. At eit so pass tilbakeliggjande folk som arabarane var, skulde greida ein so omfattande ekspansjon som det her var tale um, var ikkje upplagt, og det er sers vanskeleg å tenkja seg denne ekspansjonen utan å kjenna den religiøse oppøsingi som låg attum. Imperietanken låg so å segja innbaka i sjølve islam.

Kring 750 var Omajadane i ferd med å verta saga. Fram til denne tidi hadde den islamske ekspansjonen gjenge so snøgt at det ikkje hadde vore snakk um noko serleg umvending. Det var knapt ti prosent av innbyggjarane i imperiet til omajadane som i røyndi kunde reknast for muslimar. Folk var mest misnøgde med at arabarane fekk ha serrettar innanfor imperiet. Mange vart nekta å konvertera til islam, dei som likevel konverterte vart dårleg handsama og dei som ikkje var muslimar var andrerangsborgarar. Tanken attum var langt på veg at det skulde vera eit privilegium berre for arabarar å vera muslim. Mange opponerte og meinte at alle som vilde skulde kunna verta muslimar og at dei alle skulde vera jamstelte. Då abbasidane kjempa ned Omajadane, førde det til at det vart slutt på det reint arabiske riket. Kalifatet vart ein yverbygnad for alle muslimar. Det var vel òg ei fastslåing av den faktiske stoda. Abbasidane rådde kor som er no yver eit fleirnasjonalt muslimsk imperium. Abbasidane var sers upptekne av å understreka den teokratiske styringsformi og at dei fekk makti si frå Allah. No skulde dei fylgja koranen og profetens påbod. Det førde til at det vart arbeidd hardare med å umvenda folk og i dei neste 200 åri vart det umvendt mange.

Karsh understrekar at det trass i at det var ei utvikling millom omajadedynastiet og abbasidedynastiet var det òg sers mange sidor ved dei som var like. Kalifane hadde dei fyrste åri etter at profeten døydde prøvt å leva eit nøgsamt liv, men etterkvart hadde det vorte uråd å koma seg burt frå eit liv med ovbunad i kalifatet. Jamvel um herskarane kunde leggja vekt på moral utetter, levde dei på meir enn ein måte i strid med dei religiøse ideali innanfor islam. Det var òg ei utprega pragmatisk haldning til kva reglar som skulde nyttast andsynes ulike undersattar. Både omajadane og abbasidane var trass i krav um pietisme fyrst og fremst imperiemonarkar. Islam var berre eit middel til å skapa truverde og den mest gunstige stemningi millom undersattane. Islam kunde òg nyttast som dekke for ambisjonane til kalifatet. Dei kunde hevda at dei ikkje yvertok og utvida imperiet med personlege maktmotiv, men av di dei vilde tena islam. Då abbasidekalifatet stod på høgdi av si makt kring år 800 var velstanden yverveldande. Det var likevel den yverdrivne ovbunaden som underminerte statusen til abbasidane.

I 1055 var det ein tyrkisk stormann som heitte Tughrul Bey som styrde Seldsjuk-klanen som gjekk ut av Ghuzz-

stammone, som hadde teke til seg islam nokre fåe tiår tidlegare. Seldsjukkane gjekk inn i Bagdad og vann yver Buyidane. Tughrul Bey vart motteken som ein bodberar og fekk tittelen: "Sultanen av aust og vest". Bey vart ståande yver andre kalifar, men etterkvart vart seldsjukk-styrarane lite umtykte og Kalif Nasser som regierte frå 1180 til 1225 fekk hovudet til Seldsjukksultanen av Iran sett upp på påle utanfor palaset sitt, men nye yverfall var på veg. Mongolane storma Bagdad i 1258 og tok livet av den siste abbaside-kalifen.

Innanfor islam skil ein millom Islams hus, Dar al islam og det som fell utanfor islams hus som er Dar al-Harb, krigens hus. Dei umrådi som ikkje er vunne for islam er krigens hus. Dei umrådi som islam hev kontroll yver er ein del av det islamske hus. Islams pragmatisme ligg i at det ikkje var dei religiøse måli som var avgjerande for deim. Um ein vann fram kulturelt, religiøst eller ideologisk var ikkje so viktig som at islam vann territorium og politisk makt. Dei landi dei okkuperte og styrde vart ein integrert del av islams hus anten ein hovuddel vart muslimar eller ikkje. Det var ikkje ein konfrontasjon millom sivilisasjonar som gjekk fyre seg. Det var snarare tvo makter som tevla um å vinna politisk makt. I lange periodar var det ikkje nokon total krig. Både kristne og muslimar var naturleg nok yvertydd um at deira religion var den beste, men handlingane deira var styrde av verdslege umsyn knytte til territorielle og materielle ambisjonar. Krosstogi var ei avgrensa krigføring. Målet var berre å vinna Jerusalem og dei heilage stadene. Ingen hadde noko mål som gjekk vidare til å kjempa ned andre islamske landevinningar.

Saladin var kurdarherskaren som hadde imperialistiske draumar. Han greidde å byggja eit imperium som vart uppstykkja til familiemedlemene hans då han døydde i 1193. Slektningane hans gjekk under namnet Ayyubis. Dei heldt uppe styringi i Egypt til 1250 og eit tiår lenger i Syria. Dei stridde for å halda saman imperiet til Saladin, men mangla evna til å ekspandera. Dei tapte meir og meir og laut millom anna gjeva frå seg Jerusalem til frankarane i 1229.

Slavane til Ayyubisane, Mamelukane, gjorde oppreist mot herrane sine i 1250 og vann. Deretter vart dei kristne krosstogi stogga og krosstogshaldepunkti var nedkjempa totalt i 1291. Men dette var ikkje noko stort nederlag for dei kristne eller nokon stor siger for muslimane. Frankarane og andre krosstogsfararar hadde anten vendt attende til Europa eller hadde

vorte integrerte i Midt-Austen og hadde tapt røtene sine i Europa. Det var ikkje religionen som var drivkrafti her. Det var derimot maktambisjonane til mamelukkane. Fåren for mamelukkane var dessutan at dei kunde ha fiendar innanfor eige territorium. Det var ikkje ynskjeleg når dei visste at mongolane truga i aust.

Kalifatet yverlevde i miniformat i Kairo under mammelukane fram til 1517. Då yvertok osmanarane tittelen og kalifatet fekk ny status. Kring 1520 var mesteparten av islams hus samla under ein einaste imperialistisk autoritet som sameinte verdsleg og religiøs makt. Kalifatet hadde endeleg fenge gamal stordom yver seg. Forfallet til osmanarriket låg innebygd i det frå starten av: Sentrifugalt press, degenerering og byråkratisk og administrativt vanstyre. Tyrkarane hev eit ordtak som heiter at: Fiske byrjar å stinka frå hovudet.

Dei europeiske landi gjekk frå i stor grad å vera importør av ferdigvaror til å få yverskot på handelen gjennom sal av ferdigvaror. Ottomanarane fekk handelsunderskot som tappa dei for råvaror og indre handverksdrift, og dessutan for gull og sylvreservar. Forfallet og styringsvanskane gav seg størst utslag etter at osmanarane hadde prøvt å taka Wien i 1683. Etter nederlaget ved Wiens portar gjekk det nedover. Austrike-Ungarn og Russland ekspanderte og ottomanarane laut trekkja seg attende. På 1800-talet var forfallet kome so langt at sultanane såg at noko måtte gjerast, men reformer som førde til at til dømes kristne og muslimar fekk lik status var lite umtykt og møtte kraftige motreaksjonar frå muslimar som vilde halda uppe sine privilegia. Det var òg vanskeleg å uppnå eit moderne statsstyre på andre område millom anna på grunn av eit system med omfattande korrupsjon. Det var uråd å samla gapet millom den ynskte imperialistiske draumen og den reelle stoda som var prega kløyving og fragmentering.

Europearane var samde um at det ottomanske riket kom til å døy, men dei venta med å gjeva det nådestøyten inntil ein såg korleis det kunde kløyvast upp utan at ein skipla den europeiske maktjamvekti. Ottomanarane på si sida sat ikkje berre og venta på at riket deira skulde gå under. Dei søkte hjelp frå dei vantru mot Napoleon i 1807. Dei søkte hjelp mot den egyptiske ekspansjonismen på 1830-talet. Fyrst fekk dei hjelp frå russarane som ikkje hadde nokor interessa av at Egypt yvertok kontrollen yver ottomanske land, og Egypt kunde kannhenda til og med ha greidd å taka Istanbul utan at russarane stogga deim.

Seinare kom engelskmennene til hjelp og i 1841 var egyptarane trengde attende.

I siste halvlekken av 1800-talet mister ottomanarane kontrollen på Balkan fyrst ved freden i San Stefano i 1878 og heilt definitivt og endeleg i Balkankrigen 1912-1913 og i 1. verdskrigen. Elles gjeng det dårleg med landumrådi som grensa mot Russland: Armenia og Kaukasus med m.fl. Dei som måtte blø mest i slutten av det tyrkiske imperiet var nok utan tvil armenarane. Tyrkarane gjorde store yvergrep mot deim under 1. verdskrigen. Tali på drepne ligg rundt ein million, same kva for uavhengige kjeldor ein vender seg til.

Utanfor det ottomanske riket låg Persia. Persarriket hadde lange sjølvstendige tradisjonar for imperialismen i Midt-Austen. Landet heldt fram i desse tradisjonane etter at det vart islamisert. Ein periode vart det persiske språket mykje arabisert, men det slo attende og heldt uppe serpreget sitt. Det persiske riket var langt nede under mongolinvasjonane, men etterkvart som mongolane vart bufaste tok dei til seg persisk kultur og språk og vart assimilerte. Det persiske riket nådde ein høgdepunkt på 1600-1700-talet, men etter det vart persarane underlagde eit spel millom dei europeiske stormaktene. Varierende alliansar og motsetnader millom Frankrike, Storbritannia og Russland gjorde at persarane hadde vanskar med å få til eit stabilt og sterkt styre. Statsstyret låg som innanfor det ottomanske riket langt tilbake for den moderniseringi ein såg i Vest-Europa. Russland og Storbritannia hadde båd strategiske interessor i regionen kring Persia. Persia var so veikt at båd landi frykta for at det vilde verta dominert av andre land um ikkje Russland og Storbritannia beinast skifte ut ulike luter av landet millom seg. Det gjorde dei 1907. Eit år etter at freistnader på å innføra konstitusjonelt styre i Persia ikkje førde fram.

Under 1. verdskrigen meiner Karsh at det ottomanske imperiet utan serlege vanskar kunde ha yverlevt, so framt sultanen hadde høyrte på ententemaktene og ikkje gjeve seg inn i krigen med trippelalliansen og Tyskland. Det gjorde det uråd for ententemaktene å halda uppe det ottomanske riket av dei same opportunistiske grunnane som fyrr. Dimed var det duka for nye løysingar. Med bakgrunn i den arabiske Hussein-klanen som vakta det heilage skrinet i Mekka og hadde slektsband til profetens stamme, vart det skapt ein panarabisme. Denne panarabismen gav grunnlag for å styrta det ottomanske riket, samstundes som det stetta båd europeiske

og arabiske mål. Europearane vilde gjerne kløyva upp Midt-Austen millom seg etter som det hōvde. Arabarane var sterkt oppkløyvde og herskarane i ulike rike kunde vera reiduge til å gjera upptak til nye imperiedanningar. Den som var sterkest militært vilde kunna taka kommandoen. Nokon nasjonalisme i vår tyding av ordet var det ikkje tale um. Hussein-familien hadde derimot planar um å koma i staden for ottomanarane, men det lukkast ikkje. Seinare herskarar i Midt-Austen fær liknande ambisjonar.

Europearane kløyvde upp Midt-Austen i småe statar som dei kontrollerte i varierende grad. Det mest umdiskuterte i so måte er vel utan tvil Belfour-deklarasjonen. Hussein-familien meinte at Palestina skulde vera ein del av den arabiske nasjonen, men brevskifti millom engelskmennene og arabarane syner at Palestina vart halden utanfor. Ulike arabiske leidarar rekna likevel med Palestina som ein del av det område som kunde takast inn i eit storarabisk imperium. Dei klandra britane for ikkje å ha halde ord. Slik tenkte ein like til staten Israel vart skipa i 1948. Imperietradisjonen kann òg gjeva seg andre interessante utslag. Til dømes nytta Saddam Hussein den grunngevingi at Kuwait var ein del av det ottomanske imperiet som grunnlag til å taka Kuwait i 1990.

I 1945 var den arabiske liga dana, som eit uttrykk for den arabiske tanken um eit storrike. Ingen leidarar i Midt-Austen hadde synt seg å ha kraft nok til å markera seg med verkeleg tyngd fyre Nasser. Nasser freista gjennom samanslutningi med Syria å vinna nytt land og trengja attende innverknaden frå dei vestlege maktene. Nasser vart likevel ikkje sterk nok og dōydde nokre år etter 6 dagars krig som ein vonbroten mann.

Det var fyrst med oppbyggingi av OPEC og oljekrisa på 1970-talet at den arabiske nasjonalismen stod fram som ei makt som ikkje kunde tilbakevisast utan vidare. OPEC er det suverent mest fungerande råvarekartellet. Det finst ikkje noko liknande i andre delar av verdi. Dei store råvareprodusentane i afrikanske, asiatiske og latinamerikanske land hev aldri fenge til noko liknande. Oljeprisane fauk i veret kring midten av 1970-talet, og dei sterke oppgangstidene i Vest-Europa etter 2. verdskrigen flata ut.

I dag hev den islamske imperialismetradisjonen fenge ny aktualitet. So lenge islam ikkje fær ein ny samlande stat, vil tanken liggja der. Det er problematisk for islam at den islamske verdi er oppkløyvd, noko vesten hev skuldi for. Det er prob-

lematisk at det ikkje finst ein islamsk stat med dei rette lovene og tilskippingi. Det er problematisk at gamle islamske område er styrde av kristne eller folk av andre religionar. Det viktige er ikkje at islam skal vera einerådande religion, men at det er muslimar som styrer islamske territorium og for dei mest ekstreme at islam styrer heile verdi, inntil det ikkje finst nokon som ikkje ser på Allah som den einaste guden.

Karsh gjeng gjennom saga frå Muhammad grunnla islam på 600-talet og like til Osama bin Laden i dag. Han hev eit vell av kunnskap og engelsken hans er sers ordrik. Ikkje sjeldan må ein ty til ordbøker

og tenkja seg nøgje um når ein les Karsh. I kvar einaste bolk av boki fær ein inntrykk av at Karsh hev teke med akkurat so mykje som han tykkjer er naudsynt og ikkje meir. Sume tider let ein seg imponera yver kor eksakt han arbeider utfrå hovudpåstanden um "islams imperiedraum". Andre gonger må eg nok segja at han verkar vel rigid uppteken etter å få modellen til å gå upp. Nokre gonger tykkjer eg at han kunde ha gjenge meir inn i materien. Det er vel serleg når det gjeld krigen millom Irak og Iran. Karsh hev skrive utfyllande um denne krigen i andre samanhengar, og det er utan tvil ein interessant konflikt der tvo gamle og

byrge land med imperietradisjonar brakar saman, i det som truleg er ein av dei desidert dyraste krigane i nyare tid. Men når det er sagt so kann ein knappast ynskja seg ein meir detaljert gjennomgang av iransk historie fram til 1907. Den er formidabel. Det er viktig å vera merksam på korleis imperietanken heile tidi ligg under arabiske ekspansjonisme. Sterke utsegner frå arabiske leidarar mot oss i vesten, må tolkast utfrå at ein ynskjer ei arabisk samling og spreiding av islam innanfor eit storrike.

Då Israel fekk nok

Av Lars Bjarne Marøy

"Nå er det nok",
Richard Oestermann,
Norge Idag, 2006.

"Nå er det nok" heiter ei ny bok som vikeavisa "Norge i dag" stend attum. Her vert det gjeve eit yversyn yver Libanon-krigen som rasa i fjor sumar. Israel hadde gjenge langt for å sleppa undan denne krigen millom anna med å draga seg ut av Libanon i år 2000. Men det var uråd å lita på at SN vilde halda ord og avvæpna Allahs parti og at libanesiske styresmakter skulde få kontroll med grensone.

Aller fyrst må eg byrja med å gjeva forfatternen ros for at han hev valt å ordleggja seg på norsk vis - "Nå er det nok" - og ikkje det stødt meir umsegripande "nok er nok" som er ei beinveges umseting av den amerikansk-engelske tautologien "enough is enough".

Ordlaget er råkande for alle som er misnøgde med dekkjeringi av Midt-Austen i NRK og ein del andre leidande media. Her vert Israel stødt framstelt som den sterke parten og den som er i åtaksposisjon. Dersom Israel gjer den minste feil eller noko som kann lastast er media på plass med ein gong, men dei israelske lidingane og yvergrepi mot Israel vert veldig sjeldsynt mælte med ein stor mælestav. Kva kann segjast utfrå eit Israelsk perspektiv. Det er dette som kjem fram i dette korte nyhende-skriftet som hev vorte til ei bok på kring 140 sidor. Lat oss sjå på nokre av dei faktai som boki presenterar.

Krigen mot Allahs parti i sumar førde til umfemmande kritikk innerter i Israel. Både vinstresida og høgresida var kritiske til måten krigen hadde vorte førd på og um forsvaret var i den stand det burde vera i. Njosnartenestone hev alltid vore sentrale i høve til trygggleiken i Israel. Mossad er den utanlandske tenesta, Shin Bet er den interne

tenesta og itillegg finst det ei eigi njosnartenesta for militæret. Det er eit vanskeleg arbeid desse tenestone skal utføra. Millom anna gjeng noko av arbeidet ut på å skaffa seg arabiske kjeldor som gjev opplysningar mot betaling. Slike kjeldor opererar med livet som innsats.

Trass i vanskane hev Israel eit nettverk av arabiske kjeldor som millom anna hev gjeve deim opplysningar um kvar dei kann slå til med flylikvideringar av førande terroristar. Slike likvideringar hev vorte utførde i Gaza og hev òg no vorte utførde i Libanon. Utbydingane i Libanon-krigen var å få ut opplysningar. Under krigen var kontakten inn i Libanon dårleg. Det vart òg vanskelegare å skaffa folk som var viljuge til å koma med opplysningar. Allahs parti er til vanleg uppteken av å taka forsvarsåtgerder og serleg i ein krigstilstand. Mangelfull eller feil njosning kann føra til at uskuldige vert drepne i ein krig.

Ein av dei verste sviktane i njosningi var at det israelske forsvaret ikkje oppdaga at det fanst hundrevis av permanente rakettutskytingsrampar i Sør-Libanon. At dette ikkje vart oppdaga var i seg sjølv sers ålvorleg. Kor mange liv og kor store verdjar som gjekk tapt på grunn av manglande njosning og undersøkingar fær me vel aldri vita, men ille er det, kor som er.

Israel hev som so ofte fyrr sterke prognosar mot seg. Iran hev meir enn ti gonger so mange innbyggjarar som Israel, og Irans president hev til mål å utsletta Israel. Israel greider ikkje å stogga atomvåpenprogrammet til Iran. Programmet er for avansert og spreidd. Den israelske utanriksministaren segjer at: Iran er eit globalt trugsmål. Heile verdi hev eit andsvar. For kvar dag som gjeng vil Iran koma nærare målet med å utvikla ei atombomba. Men situasjonen er innflokkt. Iran

er ei av dei desidert største oljemaktene i verdi. Alle land som kjøper olja frå Iran vil verta utsett for politisk press.

Den arabiske pressa hev gjenge Hitlers antisemittiske propaganda ein høg gong, segjer nasjonaldirektøren for den store amerikansk-jødiske organisasjonen, "Anti-Defamation League" (ADL), Abraham H. Foxman. Det vert gjerne vist til det som skjer i Europa og Sambandsstatane, men det som skjer i arabiske land er mykje verre. Foxman meiner at dei som sympatiserar med den arabariske saki, ofte let sinnet sitt mot Israel gå utyver jodar i sitt eige heimland, fordi det er nærare. Det hev vore retta åtak mot jødiske mål yver heile verdi i tilknytning til krigen i sumar.

Rakettåtaki mot Israel tok ikkje mange menneskeliv. Israelske hus er pålagde å ha bomberom. Ikkje alle arabarar i Israel hev sytt for å ha slike rom, men eit stort fleirtal av jødane hev det. Men ikkje nok med at sivile liv gjekk tapt store naturumråde vart dessutan raserte yver heile Nord-Israel. Rundt 750 000 tre gjekk upp i flammor under rakettåtaki til Allahs parti. Det vil taka 50 til 60 år og kosta umlag 200 millionar sheklar (umlag 45 millionar dollar) å restaurera eller planta nye tre i dei øydelagde umrådi. Noko av det mest underlege og gledelege under krigen var eit rad skodespelarar og kjentfolk i USA samla seg um å forsvara Israels kamp mot terror millom desse var. Nicole Kidman, Bruce Willis, Michael Douglas, Sylvester Stallone m.fl. Det viser at Israel trass i det tilrengde mediebiletet framleis hev mange vener. For dei som opplevde å vera med i ein demonstrasjon i regi av MIFF i sumar, vil det ikkje vekkja undring at krigen hissa upp arabarar. Ein mobb som fylgde etter demonstrasjonen i Oslo var eit tydeleg prov på det. Utan politiuppbod vilde det heile ha enda i gateslagsmål.

Framvoksteren åt demokratiet i Noreg

Av Kenneth Kiplesund

Innleiing

Dette stykket tek fyre seg demokratiframvoksteren i Noreg dei seinste 200 åri. Dette er eit stort emne, og eg hev difor valt meg ut nokre episodar som eg sjølv meiner hadde mykje å segja for den demokratiske utviklingi i landet. Artikkelen er ein litt utvida versjon av eit arbeidskrav eg leverte i samfundsfagstudiet mitt ved Høgskulen i Volda, hausten 2006.

Grunnlovi

I 1814 kom grunnlovi. Ho er heilt sentral for utviklingi av demokratiet. Lovi slo fast at Noreg skulde vera eit fritt og sjølvstendig land. Gjennom Grunnlovi fekk me eigne, demokratiske institusjonar. Maktutøvingi vart kløyvd millom kongen, Stortinget og domstolane. Det var kongen som hadde mest makt av desse. Millom dei som var med på å utarbeida grunnlovi, var det etter måten mange bønder. Fleire av desse var kristne, av det haugianske slaget. Desse heldt kontakt seg i millom, og det vart dana politiske miljø av solide, kristne bondehovdingar. Ein sentral tanke i desse miljø var at einskildmennesket skal styra seg sjølv. Det er nok desse momenta som hev fenge historikaren Berge Furre til å segja at det norske demokratiet som kom ut or grunnlova, var eit kristelegt bondedemokrati.

"Stortinget var altså det demokratiske innslaget i Grunnloven (...) Folket skulle gis medbestemmelse, men dette folket ble definert gjennom stemmerett (...)" (Dyrvik & Feldbæk: 1996: 150) Dei som hadde stemmerett, og dimed var folket, var berre menn. Desse laut vera yver 25

år, "og det ble stilt krav til yrke og eiendom: Bare embetsmenn, gårdbrukere, byborgere eller byfolk med eiendom over en viss verdi hadde stemmerett" (Dyrvik & Feldbæk: 1996: 150) Dimed vart "folket" redusert att. Men det skal segjast at når ein jamfører denne praksisen med ordningane i andre land, var det uvanleg mange som fekk røysterett. Men det skulde gå ei god stund fyre denne røysteretten galdt alle. I 1898 kom ålmenn røysterett for menn, medan kvinnone laut venta heilt til 1913.

Ein ting som sette ein skamplett på grunnlova, stod i paragraf 2: "*Jøder (ere) fremdeles udelukkede fra Adgang til Riget*". (Selbekk 2001: 11). Dette vedtaket vekte uppsikt i resten av Europa. Der fekk jødane stødt fleire rettar. I Noreg gjekk det motsett veg, den sokalla "jødeparagrafen" vart ikkje oppheva for i 1851.

Formannskapslovene

I 1837 vart folkestyret endå meir utvida. Då kom formannskapslovene. Desse lovene delegerte makt ut til heradi (kommunane). Slik fekk folk avgjera meir sjølve yver saker som kom dei ved. Dette møtte motstand frå embetsmennene, som kjende at makti deira var truga. Det var jamt og samt embetsmenn som stod for det meste av styringi i landet. Når noko av dette vart yverført til heradi, miste dei noko av makta si. Og etter måten mange saker vart avgjorde på lokalplan etter at denne lovi vart innført. Det var framstående bondehovdingar, som t.d. haugianaren Ole Gabriel Ueland, som kjempa igjenom formannskapslovane. Som oftast var kristenfolket kringum i

bygdene glødande upptekne av å nytta desse nye rettane som kom folket til gode. Ofta var det bedehusi som vart nytta som samlingsstad når kommunestyri skulde ha møte.

Parlamentarismen

I 1884 kom parlamentarismen. Han innebar m.a. at ei regjering ikkje kunde styra mot ei uttrykt mistillit frå fleirtalet i Stortinget. Slagordet var: "All makt i denne sal" (Stortingssalen). Dette vekte stort motstand frå embetsmennene. Dei meinte at parlamentarismen braut med maktbytingsprinsippi i Grunnlovi. Kongen, Oscar 2., var dessutan sterkt imot dette brigdet. Han sysla med tankar um statskupp for å hindra at parlamentarismen vart innført. Serleg aktive i prosessen med å kjempa fram parlamentarismen var partiet Vinstre. Dette partiet var i stor mun sett i hop av folk frå det ein kan kalla millomklassen: bønder, byborgarar, småhandelsmenn og lærarar. Dette partiet kom til regjeringsmakt i 1884. I opposisjon til Vinstre kom partiet Høgre. Dette partiet var for det meste sett i hop av embetsmenn og andre frå nærskylde samfundslag. Frå 1884 fekk me eit fleirpartisystem i Noreg. No hadde veljarane fleire alternativ å velja millom, noko som må segjast å vera ein grunnstein for eit moderne demokrati.

Laus frå unionen med Sverige

Jamvel um me hadde havt eigi grunnlov frå 1814, var me enno i union med Sverige. Sverige var meir konservativt enn Noreg, og den svenske adelen bremsa denne lausrivingi. Unionen tok ikkje slutt fyrr i 1905. Denne freden kom



NYNORSK 
ANTIKVARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@

nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

i stand etter lange og harde tingingar, og det var nære på at det ikkje kom til krig millom dei tvo landi.

Arbeidarpartiet

I 1913 kom eit nytt parti for fullt inn i norsk politikk: Det norske arbeidarpartiet. Partiet hadde vorte skipa i 1887, men hadde ikkje fenge serleg oppslutnad fyrr no. Med dette partiet hadde endå ein klasse, arbeidarklassen, fenge sitt eige parti, og demokratiet vart utvida til nye samfundslag. Tidlegare hadde arbeidarane i stor mun røysta på Vinstre. Dette vart det no so og segja slutt på. I 1935 fekk det nye partiet regjeringsmakt, og denne sat dei med heilt til dess at Tyskland invaderte Noreg i 1940.

Tysk okkupasjon

I krigsåri fekk nordmennene ei sterk påminning um kor verdfullt demokratiet er, og kor viktugt det er å halda det demokratiske samfundet uppe. I desse fem åri opplivde me at okkupasjonsmakti sette tortur i system mot vanlege, uskuldige sivile. Her kann ein til dømes nemna hendingi i Telavåg. Etter at tvo tyske Gestapo-menner hadde vorte drepne av norske agentar i Telavåg, tok tyskarane ein grusom hemn: "*Alle hjem i Telavåg, mer enn 300 hus, ble brent, alle fartøyer ødelagt, alle voksne menn, 76 i alt, ble sendt til en tysk konsentrasjonsleir (...); resten av befolkningen, 260 personer, ble internert i Norge*" (Christensen 1961: 345-346). Vanlege norske reglar galdt ikkje. Tyskarane laga sine egne lover etter kva som høvde dei.

Etterkrigstid

Etter desse opplevingane, fekk nordmenn eit sterkt huglag for demokrati. Dette såg ein kann henda tydelegast i 1948: Statsminister Gerhardsen hadde gjenge ut med krass kritikk av kommunistpartiet under ein tale på Kråkerøy. Her meir enn hinta han til at NKP truleg kom til å samarbeida med Sovjet under ein okkupasjon av Noreg. Dette førde med seg demonstrasjonar mot NKP, der plakatane m.a. hadde tekstar som: "NS laga 9.april, NKP førebur eit nytt!". Slik synte folk sin avsky mot det dei rekna som udemokratiske element i det norske politiske systemet.

Etterkrigstidi kann ein kalla for Arbeidarpartiet si stordomstid. Partiet hadde regjeringsmakti so og segja heile denne perioden. Eitt av prosjekti deira var å byggja ut ein velferdsstat. Her skulde heile folkesetnaden inkluderast. Rett etter

frigjeringi var det det sokalla "Fellesprogrammet" som merkte den politiske kvardagen. Dette programmet hadde m.a. på tapetet at alle arbeidsføre hadde rett til arbeid. Dette prinsippet vart sidan, i ei litt meir avdempa form, teke inn i Grunnlovi.

Arbeiderpartiet fekk i stand mange nye arbeidsplassar. Dei bygde ut verksemder, t.d. jarnverket i Mo i Rana, og aluminiumsverket på Sunndalsøra. Her gjekk staten inn og kontrollerte mykje, og slik sikra ein arbeidsplassar. AP bygde òg ut trygdeskipnader, som var lagde upp slik at ingi grupper skulde falla utanum dersom dei trong hjelp (sjuketrygd, alderstryg, barnetrygd osv). Dette systemet kallar me folketrygdi.

På midten av 70-talet stod det som vert kalla den nye kvinnerørsla fram. Dei vilde at kvinner skulde vera fullverdige medlemmer av samfundet. Noko av det dei kjempa for, var: lik løn for likt arbeid, rett til arbeid og sjølvstendig økonomi, kortare arbeidstid, motstand mot kjønnsdiskriminerande reklame og missetevlingar. Slik kjempa dei for meir demokrati for kvende. I nyare tid kann ein kanhenda segja at kontantstudnaden hev verka demokratiserande på kvinnone. Denne skipnaden gjer at foreldre kann velja um dei vil ha barnet sitt i barnehage eller vera heime saman med det. Det vert gjeve ein viss sum til foreldre som ikkje hev ungen sin i barnehage. Studnaden gjeld fram til barnet er tri år gammalt.

Uppsummering

Når me oppsummerer denne utviklingi, ser me at Noreg hev gjenge frå å vera eit samfund der kongen hadde so og segja all makt (fyre 1814) til å verta eit samfund

der folket sjølvve røystar inn på tinget dei personane og partii som dei vil ha til å styra.

Kjelder

Skriftlege

- Alnæs, Karsten (1998): Historien om Norge, band III: Mot moderne tider Oslo: Gyldendal Forlag
 Bull, Edvard (1976): Norges historie, bind 14: Norge i den rike verden Oslo: J.W. Cappelens Forlag
 Christensen, Chr. A. R. (1961): Vårt folks historie, band 9: Okkupasjonsår og etterkrigstid Oslo: H. Aschehoug & CO
 Danielsen, Rolf m.fl. (1991): Grunntrekk i norsk historie Oslo: Universitetsforlaget
 Dyrvik, Ståle & Ole Feldebæk (1996): Aschehougs Norgeshistorie, band 7: Mellom brødre, 1780-1830 Oslo: H. Aschehoug & CO
 Furre, Berge (2000): Norsk historie 1914-2000 Oslo: Det Norske Samlaget
 Hagemann, Gro (1997): Aschehougs Norgeshistorie, band 9: Det moderne gjennombrudd, 1870-1905 Oslo: H. Aschehoug & CO
 Høgetveit, Jørgen (2005): Norges frigjøring. Jørgen Løvland og 1905 Evje: AKF/Krossen Media
 Selbekk, Vebjørn K. (2001): Jødehat på norsk Skjetten: Hermon Forlag
 Sjøli, Hans Petter (2004): Den skjebnesvangre talen, www.klassekampen.no/goto?lid=220605&view=print

Munnlege

- Jørgen Høgetveit, Evje. Telefonsamtale 10/11-06

Konservativ kristendom

Du får kyrkjelydsbladet til Kautokeino bedehuskyrkjelyd dersom du set inn ei gåva på konto: **3790 12 74615**.

Støttegruppa for Kautokeino bedehusforening
 C/O A. Hunnes
 6144 Sylte.

For annan informasjon: tlf: 70022140 - 99710446.



Askeland fester grepet -Innfører gubbevelde i Vestmannafondet

Fondsgjevaren som stend attum Vestmannafondet løyste Lars Bjarne Marøy frå umbodet som styresmann i fondet. Det var Marøy sjølv som bad um det. Marøy skriv her um korleis han ser på utviklingi i høgnorskrørsla dei seinaste åri. Red.

Eg hev tidlegare vore innum ymse sidor av striden i høgnorskrørsla. Det er no gjenge so pass lang tid at det heile hev byrja å koma på fråstand, og det kann verta høve til å studera nærare kva som hender i notidi og kvifor det gjekk som det gjekk i fortidi.

Kampen um Vestmannalaget

Den som skal finna ut kva som skjer i høgnorskrørsla i dag, må studera korleis Jon Askeland kom til makti i høgnorskrørsla. Då Askeland vart vald til formann i Vestmannalaget i 2001, var det berre òi røyst det stod på at han ikkje hadde fenge eit styre med alle fire styresmennene imot seg. På årsmøtet kom det sitjande styret med framlegg til både arbeidsprogram og budsjett for laget, men alt dette sa tilhengjarane åt det nye styret nei til (med den grunngevingi at dei ikkje kunde sjå eit heilt år fram i tid). I staden sette det nye styret etter årsmøtet i gang ein prosess der dei vilde kasta redaktøren for det målpolitiske tidsskriftet Vestmannen og skjera utgjevsruta ned frå 10 til 6 nummer i året.

I 2002 vart det halde eit årsmøte som for lang tid vert hugsa som det mest folkerike og umstridde møtet i Vestmannalaget si soga. Det var kome unge målfolk frå heile landet, men med klår hovudvekt frå Vestlandet og bergensdistriktet. Alle var medvitne målfolk. Samla sèt talde dei litt under 50, men berre 34 fekk røysterett. Dei nye medlemene viste til dokumentasjon på at dei hadde svara årspengar i god tid fyre årsmøtet, men vart nekta røysterett av di dei ikkje hadde vorte "godkjende" av styret. Samstundes vart det gjort vitneobservasjonar på at personar som stod på Askeland si sida i striden, men som enno ikkje hadde svara årspengar til styret, vart godkjende på staden som nye medlemmer i laget.

Berga av Bodoni Hus

I ettertid vart det spurt etter yversyn yver medlemslista i laget, serleg sidan det gjekk ord um at det var nokre av dei som var til stades som ikkje ein gong var klår yver at det var eit mållagsmøte dei var på. Millom anna vart det observert at Jo Gjerstad frå forlaget Bodoni Hus kom inn med minst òi gruppa som han plasserte samla i lokalet. Mistanken

um at Bodoni Hus hadde havt ei sentral rolla under årsmøtet vart ikkje mindre etter at ein av styresmennene fekk vidaresendt ein epost med lista yver nyinnmelde i laget. I ein kommentar som neppe var tenkt for opposisjonen stod det: "Eg har ikkje teke med adressa til dei 18 siste, for det er BT og Bodonihus."

Då den nye medlemslista vart kontrollert opp mot ei lista yver Bodonihus-tilsette på forlaget si heimesida, syntet det seg at 14 av desse 18 nye medlemene var tilsette i Bodoni Hus. Jo Gjerstad sjølv var ikkje millom desse, sidan han alt var medlem frå fyrr av. At målsaki stod so sterkt i eit vanleg bergensstrykkeri, er nok nytt for dei fleste.

Under dei viktuge røystingane på årsmøtet var røystetali frå 56 til 58 for Askeland og 34 for opposisjonen. Frå den nye medlemslista kunde ein dessutan rekna ut at minst 13 frammøtte frå opposisjonen hadde vorte nekta røysterett. Då skal ein ikkje vera so flink med tal for å sjå at det var massemobiliseringi av tilsette frå Bodoni Hus, kombinert med røysterettsnekt for nyinnmelde opposisjonelle, som avgjorde utfallet av møtet.

Askelands forklåring på dette var at leidande folk i Vestmannalaget hadde fenge fyre seg at dei vilde tapa valet i Vestmannalaget utan ei motmobilisering til dei unge målmenne som kom: "Rett nok vart det - med god grunn - sett i gong ei mot-mobilisering millom målfolk og bypatriotar. Og ein av dei som fekk fleire med seg var Jo Gjerstad. Men han er ingen nykomar i Vestmannalaget, han er tvert-imot ein umtykt fyredragshaldar med lang fartstid, og hev dertil stor sans for dei bergenske kulturtradisjonar som laget er ein del av..." (Bergens Tidende 23.05.2002)

I innlegget i Bergens Tidende ser me tydeleg kva det er som hev verde for Askeland. Ein skal ikkje vera nykomar i Vestmannalaget, og det er vel so viktig å vera bypatriot som å vera målmann.

På årsmøtet måtte Askeland gjera det heilt klårt for dei frammøtte at han vilde ha eit "reint styre". Dersom det ikkje vart eit reint styre, vilde han draga seg attende på fyrste stjernarmøte.

Striden held fram i Vestlandske Mållag

Kva var det so Askeland vilde med eit reint styre? Å få makti i Vestmannalaget var ikkje det siste steget, men snarare det fyrste på vegen mot full kontroll i heile den organiserte høgnorskrørsla. Pågangen vidare kom mot fylkeslaget Vestlandske Mållag. Askeland freista fyrst å pressa formannen i Vestlandske

Mållag til å kalla inn til årsmøte i Bergen på berre nokre få vikors vikors varsel, stikk i strid med lagslovi. Då styret i laget svara med å kalla inn til årsmøte i Nordfjord på lovleg måte, vart det protestar frå Vestmannalaget som hævda at innkallingi inneheldt formelle feil og difor ikkje kunde godtakast.

"Vestmannalaget krev difor no at formann og styre ikkje set seg upp imot lovi og det som er vanleg lagskikk og soleis kallar inn til årsmøte i Bergen", heitte det i eit brev av 8. juni 2002. Rett nok segjer lovi åt Vestlandske Mållag at årsmøtet skal haldast "ein stad på Vestlandet", men Askeland-venene meinte at dei hadde sedvanerett til å krevja årsmøte i Bergen. Vekti vart beinast lagt på at det ikkje skulde gjerast noko nytt. Dessutan vart det slege fast at nye lokallag vilde dei ikkje vita av, jamvel um det i 10 år hadde vorte kravt frå dei same personane at det skulde skipast nye lag. Då det vart synleg for dei at nye lagi faktisk var sterke nok til å blokkera at Askeland-venene fekk yvertaka Vestlandske Mållag, vilde dei ikkje lenger vita av dei. Dei kunde ikkje godtaka eit årsmøte der utfallet ikkje var gjeve på firehand.

På hausten gjekk Jon Askeland saman med Ludvig Jerdal og Helga Mehl og sende ut rundskriv, som heitte seg å vera årsmøteinnkalling i Vestlandske Mållag. Dinæst vart det halde eit fraksjonsmøte som hevda å ha peika ut nytt styre i Vestlandske Mållag. Det neste året vart nytta til å retta skuldningar mot styret i Vestlandske Mållag. Styret såg ingen annan utveg enn å gå til rettslege steg fyre Askeland-venene gjorde det same (slik dei hadde truga med i brev til formannen i laget), og landssamskipnaden Ivar Aasen-sambandet slutta upp um styret.

Fronten mot Askeland sprekk

Etter årsmøtet i Vestmannalaget vart det gjort upptak til eit nytt blad på Aasen-mål, bladet Målmannen. Framtidi for bladet Vestmannen var på denne tidi heilt i det uvisse, og opp-taksmennene hadde til intensjon at Målmannen kunde verta eit seriøst framhald av Vestmannen, med den same skarpe profilen som tidlegare.

Diverre syntet det seg snart at det kom til ei ny kløyving i høgnorskmiljøet. Usemja gjekk millom anna på ålmennpolitikk, medlemsjukset i Norsk Målungdom og um korleis ein skulde løysa striden med Askeland-fraksjonen.

Striden kring Vestlandske Mållag vilde avgjera kven som kom til å sitja med den

største pengekjelda i høgnorskrørsla, Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking. Men årsmøtet i Høgnorskringen i 2003 gjorde det klart at det ikkje fanst nokor samlande og seriøs leiding som var interessert i å vinna fraksjonsstriden mot Askeland. Tvert om var det større interessa for å gå ut i ein ny konflikt med dei personane som stod attum bladet Målmannen. I ein slik situasjon var det einaste kloke å gjera å draga seg ut or striden med Askeland. På nokre få dagar vart det gjort eit forlik med Askeland-fraksjonen som innebar at det sitjande styret i Vestlandske Mållag kalla inn til årsmøte i laget i februar 2004. Der fekk Askelands marionett, Kjell Kjerland, yvertaka formannsgjerningi. Etter den tid hev me ikkje høyrst noko meir frå Vestlandske Mållag, burtsèt frå at me hev skyna at laget ikkje lenger hev ein sjølvstendig økonomi og at laget hev fenge ny styresmann i Halldor O. Opedals fond og hev valt ny styresmann i Vestmannafondet. Laget hev soleis vorte redusert til å vera røystekrøter i pengefond.

Når det galdt landssamskipnaden, Ivar Aasen-sambandet, var det klart at han laut vera av underordna interessa for Askeland som alt hadde tryggja seg fleirtal i Opedalsfondet. Askeland-fraksjonen valde likevel å gå saman med det nye styret i Høgnorskringen um å kalla inn til årsmøte på eigi hand, i strid med styrefleirtalet og med ei innkalling som reelt sett var ulovleg. Grunngevingi som Askeland kom med for å gjera dette var mellom anna at tvo frå det sitjande styrefleirtalet, som det siste året hadde teke den pårøyningi det var å stå fram i ålmenta og vitna mot dei medlemsjukstiltala i Norsk Målungdom, "nyttar alle høve i det offentlege ordskeiftet til å mistenkjeleggjere andre målfolk."

Det sitjande styret i Ivar Aasen-sambandet skyna at det ikkje nytta å gjera nokon freistnad på å få til eit nytt lovleg styre og la difor ned Ivar-Aasen-sambandet. Laget eksisterar no berre som eit papirlag av di Brønnøysundregisteret vil halda seg til innrapporterte opplysningar frå den gamle kontaktpersonen, og ikkje til røyndomen, som er at laget er nedlagt.

Det er elles verd å merka seg at Askeland hev tryggja seg at Vestmannalaget hev vorte hovudeigar i Norsk Bokreidingslag. Det greidde han gjennom å hindra den største luteigaren, Vestlandske Mållag, å møta på årsmøte i laget, midt under striden med fraksjonen i laget. Grunngevingi var at det var strid um kven som var lovleg styre. Ja, hovudmannen attum den striden var den same som var involvert i å kalla inn til årsmøte i Norsk Bokreidingslag. Litt av eit hell, ein skulde mest tru det var planlagt.

Koplingar til Vestmannafondet

Kunde me so ikkje lata alt dette gamle liggja? I og for seg kunde me det. Eg hev ingi interessa av å engasjere meg i årelange lagsstridar eller av å sitja i pengefond. Men dei prinsipielle sidone ved sume saker kann vera interessante. No seinast når Askeland-fraksjonen hev sett saman nytt styre i Vestmannafondet. Styret er sett i hop av folk som i gjennomsnittsalder for styresmenn og varamenn ligg kring 70 år for Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Norsk Bokreidingslag. Ein skal sanneleg ikkje vera nykomar når ein er vestmann, heller bypatriot.

Ein av attergangarane som kjem inn i fondet er kjend som rekneskapsfører for andre målsamskipnader og fond. Vedkomande var mellom anna rekneskapsfører for eit fond der eg var styresmann, men vilde ikkje draga seg attende som rekneskapsfører då styret vedtok å løysa honom frå dette umbodet. På spursmål um kva slags tilknytning han hadde til fondet, hevda han at han var tilsett i fondet. Det gjekk likevel klart fram or rekneskapane at desse hadde vorte førde av eit firma som han sjølv dreiv. Kredittilsynet slo fast for fondsstyret at vedkomande ikkje hadde høve til å føra rekneskap i næring. Dersom det var firmaet hans som førde rekneskapane, hadde han gjort seg skuldig i lovbrøt. Det var ikkje svara skatt av inntektene frå rekneskapsføringi, som det skulde ha vore um vedkomande hadde vore tilsett, so ein kann ikkje anna enn å rekna det heile for lovløysa.

Men formalitetar treng ikkje alltid å vera so nøgje i friviljugt organisasjonsarbeid, vil kannhenda sume segja. Verre var det vel like fullt at det var uklårt korleis den økonomiske stoda til fondet var so lenge styreformannen i fondet ikkje fekk tilgang til rekneskapsvedleggi. Dette av di rekneskapsføraren nekta å gjeva dei frå seg sidan han rekna seg som per-

sonleg tilsett i fondet, og difor skulde ha eit halvt års oppsegjingstid. Verre var det vel òg at ein stor sum pengar var lånte ut til eit anna fond som den same rekneskapsføraren var andsvarleg for, og det utan dokumentasjon, gjeldsbrev eller liknande. Dette fann me ut då rekneskapsføraren endeleg gav frå seg rekneskapsvedleggi til fondet etter eit halvt år.

Eg hugsar elles ei av samtalone eg hadde med vedkomande etter eit styremøte. Eg hadde opplyst nokre som hadde fenge pengar frå fondet at dei hadde fenge pengar. Det skulde eg ikkje gjera, sa rekneskapsstyren, for det skulde koma melding frå fondet um at dei hadde fenge pengar. - Ja, sa eg, men dette var eit halvt år etterpå. - Dei skulde ikkje få slike meldingar fyre ein såg um det vart noko ut av prosjektet deira, heldt han fram. - Jau, men for mange er det heilt avgjerande um dei fær melding um at dei hev fenge pengar. Um dei ikkje fær slik melding, so greider dei kannhenda ikkje å fullføra prosjektet. Eg fekk aldri noko svar på den siste kommentaren.

Avslutning

I den røsla som Askeland styrer er slike folk heidersmenn, saman med bypatriotar og andre gamle karar og konor. I Vestmannalaget vil han ikkje ha nokon nykomarar. Personleg reknar eg meg ikkje for nokon nykomar i Vestmannalaget. Eg hev site lenger i stjorni åt Vestmannalaget enn Jon Askeland og er fødd og oppvaksen i Bergen og heiar på Brann, men eg talar diverre nynorsk og er ikkje samd med Askeland-fraksjonen i eitt og alt, so då er det lite ein kann gjera for å blidka slike folk. Eg vil nytta høvet til å takka fondsgjevaren attum Vestmannafondet for at han løyste meg frå umbodet som styresmann i fondet. Eg vonar dette er siste gongen eg må sitja i målumbod med dei aldersstigne Askeland-venene.

Kjøp demokratiske
appelsiner!



 **NORSK
ISRAEL
SENTER**
mot antisemittisme

www.norskisraelsenter.no

Tlf: 6992 1422

NIS-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar.

Friviljugt støtteabonnement kr 250.

Kontakt oss på post@norskisraelsenter.no eller
NIS-info, Seljevegen 18, 1825 Tomter, Norway.

B

PORTO BETALT
VED
INNLEVERINGA
PP.

NORGE / NOREG

ISSN-1503-2469

Kvar var Golgata, sa du?


Av Lars-Toralf Storstrand

Den tradisjonelle uttydingi av Golgata hev vore den sokalla Gravkyrkja i Jerusalem. Men kor langt gjeng denne tradisjonen attende? Og stend han seg reint historisk? Eitt av kjerneordi i den akademiske verdi er umgripet "empirisk". På godt norsk heiter det ettervisande. Det er eit kjerneord når det gjeld kvar Golgata låg. For tradisjonane er ikkje alltid empiriske, jamvel um det hender. Og plasseringi av Golgata der Gravkyrkja ligg er bygd på ei rangtolking av sjolve ordet "Gulgoleth"/"Gulgolta", som er vorte tolka som "hovudskallestaden."

Sume målgranskarar hev sagt at "Hovudskallestaden" er roti til våre eigne heimlege stadnamn som "Kalfaret" (Bergen; av Calvario) og "Galgeberg" (Oslo, av di dette var staden der dei avretta folk).

Ordet Golgata har likevel ei meir fysisk tilknytning og syner til ein part av hovudskallen, "issen" - staden der "kipaen," kalotten/hatten skal berast. Det tyder med andre ord toppen. Golgata tyder soleides ikkje "hovudskalle" - slik dei gjekk ut frå då dei identifisera Gravkyrkja og den sokalla Gordons Golgata.

Det hev vorte hevja fram av teologisk dugande arkeologar at det er einast ein stad i Jerusalem der Golgata kunde ha vore plassera, og det er heilt i nærleiken av Mifkad-alteret, på Oljeberget.



Jesus på Golgata, slik ein kunstnar hev tenkt seg det.

Det er etter måten mange grunnar til dette. Ein av dei viktugaste er lengdi millom syndofferalteret - og det Høgheilage, som med Gravkyrkja og Gordons Golgata ikkje stemmer. Lengdi lyt vera akkurat 2000 alner - til staden utanfor lægret (der syndofferaltaret låg), og ikkje minst at soldaten som stod under krossen då Jesus døydde kunde sjå forhenget rivna (og det førde til at han braut ut: Sanneleg, denne mannen var Guds son, Matteus 27_51-54).

Det nemnde forhenget var i motsetnad til gjengs forståing ikkje forhenget millom Det Heilage og Det Høgheilage, men forhenget/skiljet som hekk utanfor inngangen til Det Heilage - der berre prestane kunde ganga inn. Forhenget var ei handsbreidd tjukt, var 25 meter høgt og 7,3 meter breidt (med andre ord: 182

kvmadratmeter stort). Historiske prov fortel at det som gjorde at forhenget rivna var eit jordskjelv som råka Jerusalem då Jesus døydde. Dette fekk tverrbjelken som heldt det tunge forhenget oppe til å brekka i tvo (Josefus; Den Jødiske Krig, VI, 299). I det jødiske skriftet Yoma (39b, nemnt i Ernest L. Martin, Secrets of Golgotha, side 17) stend det at dørene attum det ytre forhenget med opna seg på mystisk vis 40 år fyre templet vart øydelagt. Det same jordskjelvet øydelagde "Kammeret av hoggren stein" der Synedriet /Det høge rådet

møttest for å døma Jesus. Utanumbibelske historiske kjeldor fortel at frå denne tidi av laut Synedriet møtast ein annan stad (Martin: 231). Det finst dessutan informasjon som tyder på at presteburdi (millom Mifkad-porten og Mifkad-alteret, yver Kidron-dalen) datt ned under dette jordskjelvet. Josefus skriv i alle høve at då Romarane kom til Jerusalem, fanst det ikkje nokon strak veg yver Kidron til Jerusalem (Den Jødiske Krig, V, 6, 2). Når det gjeld inngangen til det Høgheilage, var han spikra att - av di Paktsarki på denne tidi alt hadde vore burte longo. Det er soleides sterke indisium for at staden "utenfor lægret"; "Mifkad-alteret"; "Syndofferalteret"; "Golgata" er ein og samme staden. Han som liver, fær sjå.

Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

Sluttordet:

Å vera eller ikkje vera er ikkje eit kompromiss-spursmål.

Golda Meir